

# KULTUR

Ålesund Historielag inviterte til konsert:

## Historisk med tekstar og tonar på Sjømanns Kvile

Sjømanns Kvile er eit begrep som er kjent ute blant folket i heile distriktet. Her har sjøens folk hatt bupel sidan den første flytta inn i 1932. Og Hartvig Kiran har udoeleggjort institusjonen gjennom si vakre vise om Ola og Mariann. Sist søndags kveld blei historiene gjenskapt i regi av Aalesund Historielag.

BB - KJELL OPSAL

Sindre Søvik Erstad og Torgeir Melsæter hadde lagt til rette for eit program krydra med historiske glimt og stemningsfull sang av Beate og Sigurd A. Kipperberg som også spelte gitar attåt.

Det blei fortalt om framveksten av byen som alltid har hatt nær tilknytning til havet.

Det begynte i Borgundkaupangen som hadde si stordomstid på 1200-talet.

Havet, fangst og fiske har alltid vore det sentrale som levebrødet for folk. Der det i dag står hotell og restaurantar, var det sjøbudene som fylte opp rundt sundet.

Mange båtbyggjarar kom til og Bjørkedalen blei eit senter, men etterkvart kom også fleire stadar i Romsdal.

Vi fekk sjå bl.a. bilde av fullrig-



Blomster og applaus: Frå venstre Torgeir Melsæter, Sindre Søvik Erstad, Beate Kipperberg og Sigurd A. Kipperberg.

garen "Herman Lehmkuhl" som blei bygt på Helland i 1875, Og høyre om Tomas Longva frå Flemsøy/Skuløy som oppdaga Storegga på 1630-talet.

"Nærleiken til sjøen er framleis eit varemerke av stor verdi for Ålesund", blei det konstatert.

Sjømanns Kvile er ei eiga historie der det galdt å skaffe bupel for sjøens folk i alderdomen. Bakaren og stortingsmannen Anton Alvestad var ein god støttespelar for å få reist heimen som i dag blir drifta av ei stifting der medlemene er oppnemnt av Ålesund formannskap.

Amund Halsebakke, kjend MRF-offiser, er i dag leiar.

Heimen er pryda med biletkunst med sjømotiv skapt av den finske kunstnaren Jonas Peson.

I løpet av forestillinga fekk vi høyre fleire viser av Hartvig Kiran og framføring av tekstar

av Harald Devold, Henrik Rytter og Anders Hovde.

"Med månen i masta og Moljå i nord" av Jørgen Olav Flatmark til tone av Kjell Kipperberg blei også framført av sangduoen.

Interessa for arrangementet var stor og storstova i heimen var fylt til siste plass.

Ørskog Historielag:

## Kveldsete med smak av ramsalt hav

Sist onsdag stod temaet «På skattejakt i kjeldejungen» på ØH si kveldete. Om lag 25 personar hadde funne vegen til Kyrkjetoget for å få med seg det Ole Michal Ellefsen frå Skodje hadde å formidle til oss. Vi vart ikkje skuffa. Ole har journalistbakgrunn og har nettopp slutta av som museumsstyrar i Ålesund. I dag har han skrivestova heime på Skodje som arbeidsstad. Vi seier det slik: Vi hadde ein forfatar på vitjing denne kvelden. Ole M. har mange tidlegare

bøker å vise til. Til dei fleste har han valgt havet og kysten vår som bakgrunn saman med dei som var busette på denne delen av landet vårt.

Den siste tida har arbeidet vore konsentrert om ei bok om Rønnebergslekta i Ålesund og vidare utover. Han ga oss mange glimt frå bøkene sine, triste, gripande, men og til tider morosame glimt. Han byggjer bøkene sine på fakta – vi kan kanskje seie det slik at faktadelen er grunnmuren i bøkene. Vidare kan vi kalle mykje elles for fiksjonar. Denne kombinasjonen fungerer for denne karen

– opphavleg Ålesundsgut, med røter til Vatne og med også ei fortid som sauebonde på Kalvøya.

Kombinert med lesing av korte avsnitt frå bøkene sine ga han oss eit svært godt grunnlag for å dukke inn i kjeldejungen. I dette notatet frå samlinga får vi nøye oss med stikkord for alt det han leitte fram i denne jungelen. Kyrkjebøker – rettsprotokollar – årsskrift frå ulike søge- og historielag – gards- og ættesoger – folketeljingslister - gamle telefonkatalogar – avisene ikkje minst eldre årgangar der mykje

no finst på mikrofilm – annonser, dødsannonser og lesarinnlegg – gamle brev – og ikkje minst bilete eldre og av nyare dato. I dag har internett vorte ein svært mykje nytta kjeldestad. Apropos bilete: Vi må verte langt flinkare å notere namn på BAKSIDA eller i albumen av papirbileta og namngje også på moderne lagringsmåtar. Bilete utan namn har liten verdi. Ver svært forsiktig med kva du kastar!

OL M. hadde forsamlinga med seg ein god tim. Deretter fekk vi høve til det som nettopp kjenne-

teiknar ei kveldsete: Den gode samtalen. Spørsmål, kommentarar og synspunkt kom fram og Ole vart sett på sporet med å gje oss endå litt til.

Takk til Ole M. for ein fin kveld. Han fekk også med seg ein stav med inskripsjon laga av Arnfinn Hanestadhaugen. Takk også til kvar einskild som kom til kveldseta.

Vi møtest på Kyrkjetoget igjen onsdag 5. oktober.

REB